

Tilleggsinformasjon - Loen Fjordsauna

Velkommen til Loen Fjordsauna!

Vi håper du får ei fin og avslappende stund ved fjorden.

Din booking

Saunaen er privat i tidsrommet du har booka, og er reservert eksklusivt for deg og gruppa di.

Vi ber om at de held dykk innanfor booka tidsrom og forlet saunaen og området ryddig når bookinga er ferdig, slik at det er klart for neste gjest.

Før besøket

Saunaen er ferdig oppvarma og klar til bruk når bookinga di startar. Du treng ikkje å gjere noko med oppvarminga eller temperaturen sjølv.

Ønsker du meir damp og fuktigheit i saunaen, kan du helle små mengder **ferskvatn** på steinane på saunaovnen. Bruk kun ferskvatn - aldri sjøvatn.

Ta med eige handkle og gjerne drikkevatn. Vi anbefaler å ha med badetøy dersom du ønsker å kombinere saunaen med eit bad i fjorden.

Sauna og uteområde

Saunaen ligg heilt nede ved fjorden, med eit tilhøyrande uteområde der du kan slappe av og nyte utsikta før, under og etter saunaen.

Ver merksam på at bookinga berre gir eksklusiv tilgang til området i det tidsrommet du har reservert. Dersom du ønsker å bli verande ved fjorden og ha området privat utover dette, må du reservere eit lengre tidsrom.

Sikkerheit

Sikkerheitsreglar og viktig informasjon om bruk av saunaen og området finn du på staden. Alle i gruppa må lese og følge desse.

Bading og bruk av saunaen skjer på eige ansvar.

Etter besøket

Før de går, ber vi om at saunaen og området blir forlate ryddig og i same stand som ved ankomst.

Takk for at du tar vare på plassen vår - og nyt tida ved fjorden!

Loen Fjordsauna